

Sak 57/20 VAL AV MEDLEMMER TIL FORLIKSRÅD FOR PERIODEN 2021- 2025.
Saksopplysningar:

Kommunane i Hallingdal har hatt oppe sak om å opprette felles forliksråd for alle Hallindalskommunane. Hol vedtok å ha eige forliksråd, mens dei 5 andre kommunane har fatta vedtak om å opprette felles forliksråd.

Det er fatta likelydande vedtak for Ål, Gol, Hemsedal, Nesbyen og Flå:

- a. Det blir oppretta eit felles forliksråd for kommunane Ål, Gol, Hemsedal, Nesbyen, Flå. Det nye forliksrådet får namnet Hallingdal forliksråd.
- b. Felles forliksråd skal tre i kraft frå 1.1.2021
- c. Forliksrådet skal ha 3 lekdomarar og 3 varamedlemmer. Kvar kommune vel to representantar, ein av kvart kjønn, til Hallingdal forliksråd. Regionrådet føreslår 3 lekdomarar og 3 vara medlemmer og må ta omsyn til kontinuitet og kjønnsbalanse. Regionrådet føreslår også leiar og nestleiar. Kvar kommune vel ein eller to møtefullmektigar. Samansetninga må vedtakast i kvart kommunestyre.
- d. Sekretariatet blir betjent av Midtre Hallingdal lensmannskontor, som i dag.

Fristen for å velje medlemmer og vara medlemmer til forliksrådet var opprinneleg 15. 10 2020, men fylkesmannen har utsett fristen til 1.12 2020.

Kommunane har foreslått følgjande kandidatar til medlemmer til Hallingdal forliksråd og som møtefullmektige for neste periode.

Kommune	Medlemmer til forliksråd	Møtefullmektig
Ål kommune	Ole Tor Oleivsgard Unni Sørensen	Ola K. Rygg
Gol kommune	Ludvig Munkejord Åse Berit Lio.	Maaike Visser Rune Cederløf.
Hemsedal kommune	Olav Støyten (fast) Janne Brøndbo (vara)	Steinar Bleken
Nesbyen kommune	Anne Grøtt Lauvang Torbjørn Aalton	Geir Olav Brøto
Flå kommune	Inger Margrete Berg Charles Andre Lindberg	Anne Dorthtea Haugen Aavesrud Nils Røkkum

Vurdering:

Regionrådet skal foreslå 3 lekdomarar og 3 varamedlemmer til forliksrådet utifrå dei innspela som har komme frå kommunane. Regionrådet skal også foreslå leiar og nestleiar.

I vedtaket frå kommunane står det at ein må ta omsyn til kontinuitet og kjønnsbalanse. Av dei personane som kommunane har foreslått, er det berre Ludvig Munkejord, Gol, som har erfaring frå forliksrådsarbeid.

Samansetninga må meldast inn til fylkesmannen innan fristen 1. 12 2020

Samansetninga må vedtakast i kvart kommunestyre.

Forslag til vedtak:

Regionrådet vel følgende 3 personer som representantar/leddommarar til Hallingdal forliksråd 2021- 2025:

- 1.
- 2.
- 3.

Regionrådet vel følgende 3 personer som vara medlemmer til Hallingdal forliksråd 2021- 2025:

- 1.
- 2.
- 3.

Regionrådet vel følgende personer som leiar og nestleiar i Hallingdal forliksråd 2021- 2025:

Leiar:

Nestleiar:

Hallingdal, 18. nov. 2020

Jan Olav Helling

Dagleg leiar